

Natur- og kulturbarnehage

Regnbogen Natur – og kultur barnehage
Brynaskogen 38
5700 Voss

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 oslo

postmottak@kd.dep.no

Eigar og drivar av Regnbogen Natur- og kultur barnehage har fylgjande syn på høyringa om ny rammefinansiering av private barnehager frå 01.01.2011.

Vår største bekymring er at det vert umogeleg å planleggje økonomien og ha ei oversikt over denne. Det må verte tydeleg kva rammer me har til drift, slik som statstilskotet gjev oss pr. i dag. Me må ha ein sum for born over 3 år og ein sum for barn under 3 år. Det er *ikkje* kommunen som skal setja denne summen. Her må det vere tydelege rammer for utbetaling som kjem sentralt i frå.

Me må vite kva me skal drive barnehagen med, utover foreldrebetalinga.
Systemet for utrekninga må verte forenkla.

Det skal vere ei tydeleg oversikt/underbilag på kva utbetalinga gjeld som kjem frå kommunen.

Alle komuner skal ha tilsett økonomar for å behandle og tildele tilskotsoverføringa. Det skal vere trygt å drive ein privat barnehage etter 01.01.2011.

For å halde på motivasjonen i framtida for god barnehagedrift og tilby gode barnehagar for born, foreldre og kommunen, må me ha ei sikker plattform å drive ut ifrå.

Ingebjørg Bryn Høgheim og Ann Helen Grevle

Eigar og styrar i Regnbogen barnehage**Natur- og kulturbarnehage**

Regnbogen Natur – og kultur barnehage
Brynaskogen 38
5700 Voss

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 oslo

postmottak@kd.dep.no

Samarbeidsutvalet i Regnbogen Natur – og kultur barnehage har fylgjande syn på høyring om ny rammefinansiering av private barnehager frå 01.01.2011.

§2.Definisjonar

d) ”Kommunale barnehager med særskilt høye kostnader til ordinær drift kan holdes utenfor tilskuddsgrunnlaget”

Dept. ynskjer tilbakemelding på korleis denne paragrafen skal utformast.

Su stiller spørsmål til om *private barnehager* med særskilt høye kostnader til ordinær drift kan holdes utenfor tilskuddsgrunnlaget? Kva vert lagt til grunn for høge driftskostnader? Er det kommunen som definerer kva som vert rekna for ”særskilt høye kostnader til ordinær drift?”.

For private eigarar, foreldre, tilsette og barna er det viktig at ein oppnår 100% likeverdig behandling. Dersom §2.d) fører til at barn i private bhg får eit dårlegare tilbod/ mindre tilskott enn barn i tilsvarende kommunal bhg, er dette i strid med intensjonen til regjeringa, som er 100% reell likeverdig behandling innan 5 år.

§5. Tilskott til drift og § 6. Tilskott til kapital.

For mange barnehage-eigarar er det i dag berre statstilskott og foreldrebetaling som er forutsigbare inntekter. I mange av Noregs kommunar prioriterer ikkje administrasjonen å rekna ut det kommunale tilskottet før i slutten av året.

Det betyr at ein stor prosent av inntekta til eigarane er høgst usikker.

Samarbeidsutvalet meiner at dept. må krevja at kommuneadministrasjonen har kompetanse og ressursar til å rekne ut tilskottet til dei private barnehagane i fyrste kvartal av driftsåret.

§8. Barnehagens grunnlag for utmåling av tilskudd

Det må rapporterast inn om antall barn, barnas alder og opphaldstid i barnehagen til kommunen to gonger i året. Den 15.august når nytt barnehageår byrja, slik får barnehagen utbetalt det rette tilskottet for barn dei har i barnehagen kvar haust.

Og 1.januar for å få med seg ei evt endring.

Natur- og kulturbarnehage

§11. Tilbakebetaling.

Samarbeidsutvalet meiner at eigarar som har gjeve kommunen korrekte opplysningar ikkje kan klandrast ved ei evt. for høg utbetaling frå kommunen. Kvar kommune må ha kunnskap og kompetanse til å gjere riktige vedtak i forhold til utbetalingar. Forvaltningslova er god nok i forhold til dette, og me ser ikkje at det er naudsynt med spesialreglar for å trygge seg mot evt. feil som kan oppstå. Ser heller ikkje at dette er rett overfor alle dei eigarane av private barnehagar som skal måtta bruka tid og ressursar på å sjekke om kommunen har rekna ut riktig tilskott.

For Samarbeidsutvalet i Regnbogen Natur – og kultur barnehage, 28.06.10

.....
-Leiar Andre Bjørkhaug